

Uttale frå årsmøtet i Hordland Senterparti 2010

## **Meir pengar frå staten til rassikring og vedlikehald av Vestlandsvegane.**

Naturen på Vestlandet er vakker, vill men kan og vera lunefull.

Mange stader ligg riks- og lokalvegar langs bratte lier og fjellsider, med stor rasfare. Mange føler seg utrygge når dei kjører på desse vegane, og menneskeliv og store vediar kan gå tapt om det kjem snø- jord- eller steinras. Heile bygdelag har blitt isolerte etter at vegar er øydelagde av ras.

Finansministeren har signalisert at utgiftene på neste års statsbusjett skal reduserast med minst 4% i forhold til 2010.

Hordaland Senterparti krev likevel at statlege midlar til rassikring og vedlikehald av vegnettet vert skjerma frå reduksjon, og auka vesentleg om Vestlandet skal få rimeleg sikre vegar innan rimeleg tid.

Frå 2010 vart ansvaret for store deler av vegnettet overført frå staten til fylksskommunen. Hordaland Senterparti krev derfor vesentleg større økonomiske rammer til utbygging, rassikring og vedlikehald av vegnettet i fylket.

Osterøy Senterparti